



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		16026/2021	Jorunn Sølvsberg, 71 28 02 56	17.02.2021

Innmelding - Skoleskyss for elevar i grunnskolen

Viktig informasjon

- Elevane må ta godt vare på skoleskysskortet som skal nyttas alle åra eleven har rett til skoleskyss, både i grunnskole og i vidaregåande skole. Orienter elevane om dette!
- Skolen registrerer Nytt skoleskysskort på elevar som vert innvilga skyssrett for første gong, og registrerer Erstatningskort til elevar som har tapt skysskortet.
- Bruk alltid Google Chrome som nettlesar når du er inne på skoleskyssportalen Ved endring av innmeldar ved skolen gje beskjed på skoleskyss@mrfylke.no
- Det vert sendt ut tomme skysskort utan namn til skolane i juni. Ved behov for fleire skysskort, send bestilling til fram@mrfylke.no med kontaktperson, skole, postadresse og tal kort

Tidsfrister

- Kontroller at timeplanen til skolen er korrekt. Ved ønskje om endring skal dette vere meldt inn til kontaktperson ved fylkeskommunen innan 15. mars.
- Kontroll av skolen sin liste for skoleskyss komande skoleår må vere ferdig 15. mai. Innmeldingar av nye skyssselevar må vere med på denne lista.
- Orienter fylkeskommunen om endringar dersom elevar får rett til skyss utover dagens transporttilbod til/frå skolen, innan 15. mai. Døme: nye skyssselevar utanfor dagens ruter.
- Søknad om tilrettelagt skoleskyss som skal vere på plass til skolestart har frist innan 1. mai.

Tilrettelagt skoleskyss

Alle elevar med behov for tilrettelagt skoleskyss skal leggst inn i skoleskyssportalen. For elevar som treng nytt vedtak/ny vurdering på tilrettelegging av skoleskyss må skolen legge ved erklæring frå sakkunnig og anna nødvendig informasjon. Avvikande timeplan, reise til/frå avlastningsbustad m.m. må beskrivast i eige skriv og leggst til som vedlegg, i tillegg må ein korrigere start- og sluttider i portalen. Alle vedlegg kan leggst inn i skoleskyssportalen, dette er sikker sone for overføring til vårt arkivsystem på fylkeskommunen.

- Elevar som har vedtak for komande skoleår, vert oppflytta av sakshandsamar i fylkeskommunen.

- Elevar som manglar vedtak for komande skoleår må meldast inn med Ny bestilling i skoleskyssportalen med nødvendig vedlegg.

Kontroll etter oppflytting av skoleskyssliste

Oppflytting av elevar til neste skoleår vert utført av skolen sin kontaktperson på fylkeskommunen i mars/april. Skolen vil få melding når oppflytting er utført.

Gå grundig gjennom lista

- Bruk gjerne desse kolonnevalga ved kontrollen «fra dato», «til dato», «vedtak» «avstand (m)1», «avstand (m)2» og «særskilte behov».
- Ved å kontrollere dato vil du sjå om eleven er innmeld med vinterskyss.
- Ved å kontrollere vedtak sjekkar du om eleven har kommunalt vedtak også komande skoleår. Deaktiver søknaden i tilfelle perioden med kommunal skyss er over.
- Avstand 1 og 2, sjekk om elev er meld inn med delt bustad. Sjå eige punkt.
- Særskilte behov, sjekk om elevar med behov for tilrettelegging er meld inn
- Ungdomsskolar må melde inn alle skysslevar for 8. klasse. Delte barneskolar må melde inn elevar når dei skal flytte til ny lokasjon.

VIKTIG! Sjekk at barn som ikkje bur saman med biologiske foreldre er registrert med rett adresse og kontaktinformasjon. I tilfelle feil kan du slette føresette og/eller legge til nye. Dette gjer du ved å klikke her

Mottatt



I neste bilde slettar du føresett (Slett person), legg til ny føresett og oppdater eleven sin adresse. Gå tilbake til først bilde – endre bestilling – ny bestilling. Gå så til bildet som heiter Personer og marker rett adresse, fullfør bestillinga.

Elevar med Delt bustad

- Klikk av for begge føresette si adresse sjølv om eleven berre vil ha skyssrett til den eine. Skyss vert godkjent etter avstandsutrekning slik at tal turar og fakturagrunnlaget blir rett.
- Elevar som får skyss både etter kommunalt vedtak og fylkeskommunalt vedtak må meldast inn med begge deler
- I tilfelle spesielle omsyn kan det leggest inn notat i notatfeltet. Legg ved stadfesting om delt bustad.

Anna

Vedlegg i skoleskyssportalen må vere i pdf-format.

Ikkje legg ved kommunale vedtak og tidlegare innsendte stadfestingar om delt bustad.

Du finn brukarrettleiing på skoleskyssportalen ved å klikke på undermenyen til ditt namn.

Ikkje skriv sensitiv informasjon i kommentarfelt på skoleskyssportalen.

Det vert sendt ut tomme skysskort utan namn til skolane i juni. Ved behov for fleire skysskort, send bestilling til fram@mrfylke.no med kontaktperson, skole, postadresse og tal kort